ALVER
KOMMUNE

Pressemelding 30. august 2021

# Positiv test ved Manger skule

**32 elevar og fire vaksne må halde seg heime, etter at ein person knytt til Manger skule har testa positivt for koronavirus.**

Måndag 30. august testa ein person knytt til Manger skule positivt for koronavirus.

- I dag fekk vi melding om at ein person knytt til skulen vår har fått påvist koronavirus. Vi har varsla barn, føresette og tilsette om den positive prøven. For barna er det no mogleg å teste seg ut av karantene frå dag tre, ved negativ koronatest, seier rektor ved Manger skule, Siri Øksnes.

Frå 30. august kan barn og ungdom i Alver som er nærkontaktar til ein koronasmitta komme tilbake til barnehage, skule og aktivitetar om dei testar negativt for koronavirus etter dag tre. Koronatest vert gjennomført ved koronasenteret.